

Referat møte Cittaslowrådet, onsdag 26.05.20 - Teamsmøte

Desse møtte:

Frå Ulvik herad: Thore Hopperstad og Hege Nielsen Børve

Frå landbruk: Stein Olav Kolås

Frå kultur: Geir Netland

Frå oppvekst: Skule - Rigmor Hanssen

Barnehage - Sonja Haugland

Frå politikk: Ingrid Prestegard og Harald Johnsen

Frå frivillige lag og organisasjonar: Ulvik idrettsråd - Hulda R. Thorbjørnsen

Ulvik bygdekvinnelag - Kari Pettersborg

Frå Næringsliv: Ulvik turistkontor - Vibeke Korsnes

Hardanger Panorama Logde - Claudia Saathoff

Frå Slowfood Hardanger: Jorid Lekve Eide

Frå Undervisning: Håkon Gjerde

Meld forfall: Andrid Innset

Saksliste:

1. Leiar: Ingrid Prestegard fortsett som leiar til etter ferien. Rådet vert oppfordra til å tenkje gjennom leiarvervet til saka kjem opp på neste møte. Leiaransvaret medfører ikkje store arbeidsoppgåver, mykje løysast på telefon i samband med sekretær for rådet.
2. Innspel etter telefonmøte med teknisk: Drikkefontene: Rådet vil ha utbetring og betre merking av krana i Tyssevikje og den som er foran Sentrumsbygget. Vidare ønskjer Rådet at kranane vert teken med på dei nye, interaktive karta som er i emning (Visit Ulvik). Rådet ber om at plassering av ein ny drikkefontene vert utgreidd og at det vert laga sak til heradsstyret, då dette ligg utanfor årets budsjett.
Benkar: Rådet tek med seg teknisk si utgreiing, men ønskjer fortsatt heilårsbenkar og betongbord i sentrum. Rådet ønskjer benkane plassert på Promenaden, Prestekaia og ved Bautaen. Rådet ber om at dette vert utgreidd og at det vert laga sak til heradsstyret, då dette ligg utanfor årets budsjett.
Frukttre: Rådet ønskjer planting av frukttrø og ser føre seg forskjellige løysinger når det kjem til vedlikehald av desse. Produksjonsskulen kan til dømes ta på seg dette som ei fast oppgåve. Frukttrø ønskjtes planta frå Prestekaia og innover mot sentrum. Trø bør merkast med eplesort og kanskje eit litt «oppmuntrande» skilt? Rådet ber om at dette vert utgreidd og at det vert laga sak til heradsstyret, då dette ligg utanfor årets budsjett.
3. Oppsummering ryddedagar: Alt i alt godt besøkt og god overhald av koronareglar. Næringslaget hadde kart og oversikt over områda som skulle ryddast og ser at det aller meste vart teke. Skryt til skule og barnehage for sær s god deltaking og rydding av store område! Teknisk melder tilbake at neste år er det sikkert nok med 2 containere. Mykje ros til teknisk og frivillig «lukelag» for rydding og luking rundt sentrumsbygget. Området ser sær flott ut.

4. Orientering frå rådmann om ekstra bevilgning til utbetring av fiber: Søknadsfristen er 30. juni. Arbeidet skal utførast i samband med VA graving.

5. Ope post:
 - Ulvik herad v/ brakanes skule har fått Erasmus+ midlane dei søkte om i februar. Kommande skuleår (2020/2021) skal skulen sende to gruppar lærarar på utveksling til vennskapsbyen vår, Greve-in-Chianti. Det skal søkast fleire Erasmus+ midlar etterkvart, og ein planlegg at neste utveksling vert med ei gruppe elevar. Vidare tenkjer ein utveksling kultur, idrott o.s.b. Dette er ikkje endeleg bestemt og søknadsprosessen er ikkje starta.
 - Visit Ulvik arbeidar med å få nettsidane i «ny drakt». Første utkast er komen og sidene skal vere klar 19. juni. Det vert ei meir dynamisk og visuell side. Vedlikehald inngår i avtalen.
 - Innspel på at Ulvik herad og Ulvik generelt bør komme seg inn på fleire digitale plattformer. Slik vert Ulvik lettare søkbart og sett som eit mål. Det arbeidast med mykje nytt rundt om; nettsider, felles profiler o.s.b.
 - Oktobertorg: Vanligvis startar ein arbeidet med Oktobertorget no. Vibeke skal ha møte med si leiing denne veka, så har Vibeke og Hege møte neste veke. Dette for å sikre at ansvar og oppgåver rundt samarbeidet herad – næringslag vert teken vidare når Vibeke sluttar. Det er framleis usikkerhet angående gjennomføring av Oktobertorget, grunna korona. Meir informasjon kjem.
 - Tømmestasjon for bubilar og campingvagnar er snart på plass. Denne vert plassert på campingplassen.
 - Nytt toalettbygg i Holmen skal vere på plass medio juni.
 - Ulvik herad og Næringslaget arbeidar med oppgradering av skilting i og inn til Ulvik: frå Granvin, Bu o.s.b.
 - Innspel om å legge referata frå Cittaslowrådsmøta som ei nyhet på heimesida til Ulvik herad, so dette gjer sekretæren frå og med no. Me skal samstundes legge referata på Cittaslow si Fb-side og igjen prøve å vere meir aktiv på denne sida.
 - Nemaslug er på veg. LOG er ny grossist på dette og heradet har fått opplyst om at Nemaslug kjem til Noreg rundt 25. mai. Oppdatering finst på heimesida til Ulvik herad.
 - Rådmann og Ordførar ordnar med helsing til Greve.

Referent:

Hege Nielsen Børve
Sekretær Cittaslowrådet